

03/25. REFERAT FRÅ MØTE I STRANDEBARM SOKNERÅD 27.03.25

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 27.03.25 **Kl. 19.00-21.00.**

Desse møtte: Lillian H.Fosse, Renate B.Nernes, Helena de Groen, Kjell Hoff, Jorunn B.Lillefosse, Margun M.Tordal, Gunnar Helle (sak 20) og Olav Skeie Lid (sak 21).

Forfall: Tor-Håkon Berge og Vetle Karlsen Eide.

Opningsord v\Renate.

19/25: Godkjenning av innkalling og møtereferat.

Vedtak: Innkalling og møtereferat vert godkjent.

20/25: Rekneskap sokneråd ved kasserar Gunnar Helle.

Vedtak: Framlegg til vedtak vert godkjent.

21/25: Olav Skeie Lid leier samtale om ansvarsforhold mellom soknerådet, styret i kyrkjelydshuset og kyrkjevevja.

Vedtak: Framlegg til vedtak vert godkjent med desse tilføyningane: soknerådet ynskjer eit møte med repr. frå styret i kyrkjelydshuset, soknerådet og kyrkjevevje for å laga køyrereglar for korleis driftsforma skal fungere best mogeleg for alle partar, og soknerådet ynskjer at det bør vera felles revisor for soknerådet og kyrkjelydshuset.

22/25: Infotavle til camparar ved Strandebarm kyrkje.

Vedtak: Soknerådet ynskjer å få sett opp ei infotavle ved innkøyringa til **kyrkjelydshust**. Der det blir opplyst om: Ingen camping her, plukk opp avføring etter hunden din, kast ikkje brennbart avfall i containeren på kyrkjegarden, og oppmoda dei som campar på parkeringsplassen til kyrkja om å vippsa ein sum til kyrkja som «takkk for lånet». Like skilt er dyre, så me vil spørja Ole Gjerde om han kan hjelpe oss med dette.

23/25: Meldingar.

Vedtak: Soknerådet tek framlagde meldingar til vitande.

24/25: Økonomisk ramme for kyrkejubileet.

Vedtak: Framlegg til vedtak vert godkjent.

25/25: Praktiske forhold rundt Fasteaksjonen og innsamlinga.

Bøssene som skal nyttast til innsamlinga er klargjorde, og alle konfirmantane har fått tildelt kvar rode. Soknerådet må stilla med sjåfør til ein rode. Konfirmantane møter opp i kyrkjelydshuset og får utlevert bøssene mm. Soknerådet stiller med bollar, saft og kaffi som foreldre og konfirmantar får tilbud om å nyta. Soknerådet stiller med teljekorps.

26/25: Køyreteneste til gudstenester.

Vedtak: Utsett til neste møte.

27/25: Vårdugnad.

Vedtak: Framlegg til vedtak vert godkjent med denne tilføyinga: Det er avsett tid til dugnad desse 3 dagane 01.04. – 07.04. – 14.04. Alle dagane frå kl.17.00

28/25: Eventuelt.

Ingen saker.

Ref.

Jorunn Brurok Lillefosse.